

Julemarked: Lysdypping (2023)

Sjekkliste lager 2024:

Sjekk at følgende er på plass:

- Kokeplate
- Voks (2,85 kg att, må bestillast)
- Veker (litt att, men må bestillast)
- Blomsterpinnar (76 pinnar er att frå 2023)
- Gardin til dør, ny i 2023.
- Eske med stjerner
- Eske med telysestakar
- Telys og peislighter
- Tørkestativ
- Rød beskjedbok til notater merka lysdypping
- Hefte med bilete frå tidlegare år.
- Loddbøker
- Lysdyppingsgryta (den står no på vgs, sjekk at denne er på plass i veka før markedet)

Skulen og julemarkedskontakt sørger for brunt papir til å dekke golv og silkepapir til vindauge og til å pakke inn lys. Avtal dette for sikkerhetsskuld på julemarkedsmøtet.

Forbetringar for 2024

- Velge alle julemarkedskontaktar for klassane i løpet av vår 2024 slik at vi kan ha julemarkedsmøte i september og tidleg sette opp datoar for lagekveldane. Info om julemarked på fyrste fredagslapp var veldig bra!
- Skrive liste over tider for innslepp til lysdypping slik at det kjem tydeleg fram at siste runde starter 15.
- Snakke med vaktmeister ang å skru av brannalarm slik at den ikkje går av.
- Flytte 11.15 vakt til 11.30/11.45
- Kjøpe koffert-vekt til å veie voks?
- Henge opp silkepapir på vindauga godt!
- Sjekke at bjørkehjerter blir lagt i torgboden.

Handle inn:

Vi treng omlag 10 kg bivokspelletts til julemarkedet. Det er 2,85 kg att. Anbefaler å bestille inn 10 kg og ha litt buffer.

Bestill **bivokspelletts** og **veke** hjå honningcentralen.no.

Bestill til privatasdresse, legg inn eige telefonnummer, men bruk

Org.nr: 919 924 748

Mail: regnskapfau@gmail.com

Øvrig planlegging:

- Avtal med den som har ansvar for dette at vi får nok granbar til å dekke golvet med. Sjekk også angående musikarar, musikk til lysdyppinga. Ta opp på julemarkedsmøte.
- Avtal med julemarkedsansvarlig å få nøkkel og kode av vaktmester til dugnad og til den/ dei som har fyrste vakt og skal smelte voks.
- Lag vaktliste så tidleg som mogleg. 2 på vakt kl 10. for å smelte voks. 3-4 på neste vaktene. Kor lange vakter kjem an på kor mange foreldre det er å fordele på. Gjerne 4 på ryddevakt. Ha 10 min overlappande og skriv ut vaktlista med tlfnummer til ulike foreldra og legg den synleg i "billettluke". Del opp oppgåvene billettsal, lysdypping og velkomen-vakt (ein som seier velkomen, informerer om at det er ein stille-aktivitet og hjelper til der det trengst). Lurt at julemarkedskontaktane er fordelt på fyrste og siste vakt/del av markedet. Det er venta at ein vaksen stiller per elev. Om nokon ikkje kan stille på vakt må dei forsøke å skaffe vikar.
- Finn dato for lagekveld for føresette.
- **Send ut mail om kva klassen/eleven skal stille med i tillegg til klasseprodukt og be foreldre melde seg til baking. Slik var mailen i 2023:**

"Hei alle!

Då nærmar vi oss årets julemarked. Vår klasse har ansvar for lysstøyping og vi skal lage bjørkehjerter som klasseprodukt. Les infoen nøye og gi tilbakemelding om det er noko de kan bidra med!

Info frå komiteen:

Lagekvelder med kollegiet

16.11 og 23.11, 17-19: Om noen kan strikke selbuvotter stiller skolen med garn. Det blir en del nye produkter!

Lørdag 02.12: Vi lager klasserommet klart og fellesområdene. En voksen pr barn møter og vi holder på til vi er ferdige, dette gjelder også det som er felles. 10.klasse lager suppe som selges som lunsj til dem som ønsker.

Søndag 03.12: Julemarked. Vi stiller på oppsatte tider i klasserommet. Bytt gjerne innbyrdes hvis tidspunktet ikke passer og gi beskjed til julemarkedskontakter, Marianne og Lila, så får vi ordnet listen.

Baking:

Det må bakes **9 julebrød** etter skolens oppskrift. Denne sender vi til dem som melder seg. Det er tre brød i oppskriften.

I tillegg må vi stille med **2 kaker** til selve julemarkedsdagen.

Svar gjerne *alle* om du kan bake kake eller julebrød.

Annet utstyr vi trenger:

Børkegreiner til klasseprodukt, **nokon som kan ta med til lagekveld for klassen?** Dato kjem.

Familiebidrag:

Alle familier må stille med 2 produkter enten til Lekkerdisken eller salgsboden.

Det må leveres tre små ting (verdi ca 30 kr) pr barn (ikke plast eller reklameprodukter) til klasselærer **innen 25.11**. Dette er til fiskedammen. Typisk er: små glasskuler, små figurer, stempel, små leker etc.

Julemarkedskomiteen har forståelse for at det er mange som kjenner på at tidene har endret seg og kan ha utfordrende familieøkonomi. Det er ønskelig at alle skal kunne delta på vakter og at barna skal kunne glede seg til julemarkedet. Hvis noen ikke kan stille med familiebidrag eller baking grunnet økonomi, eller trenger støtte til å kunne la barna delta på julemarkedet har FAU ønsket å sette av midler til dette. Ta kontakt med julemarkedskontakt eller FAU-leder, Joakim Tischendorf, joaxim@gmail.com, om behov for støtte.”

Dugnad (lørdag før julemarkedet):

- Julemarkedskontaktane møter 15 min før for å låse opp og ha planen klar.
- Ta bilete av klasserommet og send til dei som er på nestsiste vakt og til ryddegruppa. Slik er det lett å sette på plass att.
- Lag klart rommet med bruntpapir på gulvet, silkepapir på alle vindauge, "rundkjøring" med granbardekkja bord, telys, gardin i døra, billettbord med loddbøker, gryta og tørkestativ. Heng opp info om mobilfrisone og stille-aktivitet.
- Ha klar 150 veker a 25 cm og knyt dei fast i pinnar.
- Lage og henge opp skilt om stille-aktivitet og ingen mobilbruk.
- Sett fram og merk stearinlys til augemål av ferdigdyppa lys.
- Legg fram ark med instruksar for aktiviteten og vaktliste

Sjølve julemarkedsdagen:

Fyrstevakt smelter bivoks. Dette tar ca 2 timar. Må møte kl **10** for å smelte bivoks (vi brukar ikkje lenger stearin). Ta med eller avtal å få låne vannkokar på skulen.

Ta med

- peislighter
- eit stearinlys til augemål
- koffertvekt
- penn.

1. Sett den store kjelen på kokeplata og skru på plata. Fyll kjelen med kokande vatn (tips: bruk vannkokar, så går det mykje fortare). Pass på ikkje å få vatn oppi røyra med bivoks!
2. Under sjølve lysdyppinga bruker vi eitt rør til dypping, og eitt til å smelte meir bivoks. Fyll på undervegs.
3. Legg fram blokk og vaktliste til billettboden. Her kan vi notere antal solgte lys, ev beskjedar til neste vakter og om ein ser noko vi kan gjera enklare/betre neste år.
4. Første pulje lysdypparar kan starte 12.30 *eller* når ein har 5 personar som vil starte. Lag så ein plan for tidspunkt for innslepp. T.d. kvart 20 min.
5. Max 15 personar dypper samtidig.

6. Under lysdyppinga er det viktig at den som dypper berre dypper ei gong i bivoksen per runde. At ein dyppar passeleg langt ned slik at det blir veke att til å fyre i. Også viktig at dei ikke går for mange rundar, då blir lyset for tjukt og tungt. **Sjå på eksempelyset og samanlikn.**
7. Lysa som er ferdige hengast til tørk, bruk lodd som merking. Knyt lysa av pinnane og heng dei opp. Knyt ny veke på pinnen.
8. Lysa må tørke ca 30-40 minutt.
9. Siste pulje kjem inn 14.45. Det tek ca 20-30 min å støype lyset også må lyset tørke og hentast før markedet er ferdig kl 16. Når siste lys er hengt til tørk kan dei på vakt starte opprydding inne i klasserommet.
10. Opprydding: fjern silkepapir på stort vindauge, vent med det ut mot skuleplassen til markedet er ferdig. Legg granbar på avtalt plass. Fjern papir og ev lysmasse frå golvet. Pakk alt i kasse merka **lysdyping**. Kikk på sjekklista at alt er kome i boksen. Noter kor mange lys som er solgt og kor mykje som er att av veker, ca antal kg bivoks send dette til julemarkedskontaktane. Gje og beskjed om noko er defekt og om det har kome på noko på blokka som kunne vore gjort enklare/betre. Sett på plass pultar og ordne klasserommet slik det var.

Vel blåst! 😊

Mvh

Marianne Lundervold Berge (marianne.lundervold@gmail.com)

Lila Grønsnes

(lilagrønsnes@gmail.com)

